

RÅDSFORORDNING (EF) nr. 2964/95**av 20. desember 1995****om registrering i Fællesskapet av import og leveransar av råolje(*)****RÅDET FOR DEN EUROPEISKE UNIONEN HAR -**

med tilvising til traktaten om skipinga av Det europeiske fællesskapet, særleg artikkel 213,

med tilvising til framlegget frå Kommisjonen og

ut frå desse synsmåttane:

Eit av dei måla som Fællesskapet har sett seg, er å skipe ein felles energipolitikk. Det er Kommisjonen som har til oppgåve å gjere framlegg om tiltak som bør gjerast for å nå målet.

Eit av dei viktigaste måla for denne politikken er å tryggje forsyningar til stabile prisar.

Det er ønskjeleg at marknaden er oversiktleg.

Ut frå forsyningssituasjonen og for å stabilisere fællesskapsmarknaden og hindre at unormale svingingar på verdsmarknaden får uheldig innverknad på han, bør medlemsstatane og Kommisjonen jamleg få opplysningar om forsyningskostnadene for råolje.

Ved forordning (EØF) nr. 1893/79⁽¹⁾ innførte Rådet ei ordning for registrering i Fællesskapet av import av råolje.

Ved forordning (EØF) nr. 2592/79⁽²⁾ fastsette Rådet reglar for korleis registreringa i Fællesskapet av import av råolje i medhald av forordning (EØF) nr. 1893/79 skulle utførast.

Desse forordningane slutta å gjelde 31. desember 1991, men dei reglane som vart innførte ved dei, bør innførast att og samstundes tilpassast dei rådande handelstilhøva på dei internasjonale oljemarknadene og målsetjinga om å betre og verne miljøkvaliteten, og meldingskrava bør så langt råd er tilpassast krava til dei nasjonale styresmaktene og til Det internasjonale energibyrået -

VEDTEKE DENNE FORORDNINGA:**Artikkel 1**

Alle personar eller føretak som importerer råolje frå tredjestatar eller tek imot leveransar av råolje frå ein annan medlemsstat, skal gje nærmare opplysningar om importen eller leveransane til den medlemsstaten der dei er etablerte.

Artikkel 2

På grunnlag av dei opplysningane som er nemnde i artikkel 1, skal medlemsstatane jamleg sende Kommisjonen opplysningar som gjer det mogleg å få eit røynt inntrykk av utviklinga i dei tilhøva som importen eller leveransane fann stad under.

Opplysningane skal sendast vidare til medlemsstatane.

Artikkel 3

Opplysningar som vert samla inn og sende over i medhald av denne forordninga, skal vere fortrulege.

Denne føresegna skal ikkje hindre offentleggjering av allmenne opplysningar eller samanfattande opplysningar som ikkje inneheld oppgåver over einskilde føretak.

Artikkel 4

1. Dei opplysningane som personar eller føretak pliktar å gje den medlemsstaten der dei er etablerte, skal gjelde all import eller alle leveransar av råolje til ein fastsett pris.

2. «Import» tyder kvar mengd råolje som vert førd inn på tollområdet til Fællesskapet for andre føremål enn transitt. «Leveranse» tyder kvar mengd råolje som kjem frå ein annan medlemsstat for andre føremål enn transitt. Dette omfattar ikkje import eller leveransar som vert gjennomførte på vegner av selskap etablerte utanfor importstaten, og som skal raffinert etter kontrakt og deretter eksporterast fullt ut som raffinerte produkt.

(*) Denne EF-rettsakten, kunngjort i EFT nr. L 310 av 22.12.1995, s. 5, er omhandlet i EØS-komiteens beslutning nr. 5/97 av 14. mars 1997 om endring av EØS-avtalens IV (Energi), se denne utgaven av De Europeiske Fællesskaps Tidende.

(¹) TEF nr. L 220 av 30.8.1979, s. 1. Forordninga sist endra ved forordning (EØF) nr. 1370/90 (TEF nr. L 133 av 24.5.1990, s. 1).

(²) TEF nr. L 297 av 24.11.1979, s. 1. Forordninga sist endra ved forordning (EØF) nr. 1370/90 (TEF nr. L 133 av 24.5.1990, s. 1).

3. Innføring på tollområdet til Fellesskapet av olje som er utvunnen frå havbotnen der ein medlemsstat har einerettane til utvinning, skal ikkje reknast som import slik det er definert i nr. 2.

Artikkel 5

Dei nærmare opplysningane i medhald av artikkel 1 om kvar mengd råolje som vert importert eller levert til ein medlemsstat, skal omfatte:

- nemninga på råolja, medrekna API-tettleik,
- mengda rekna i fat,
- prisen cif per fat,
- svovelinnhaldet i prosent.

Artikkel 6

Dei opplysningane som er nemnde i artikkel 4 og 5, skal sendast over til den aktuelle medlemsstaten for tidsrom på høgst ein månad.

Artikkel 7

Dei opplysningane som medlemsstatane skal gje Kommissjonen i medhald av artikkel 2, skal sendast over innan ein månad etter utgangen av kvar månad som er nemnd i artikkel 6. Opplysningane skal for kvar type råolje vere ei samanstilling av dei oppgåvene som medlemsstatane tek imot frå personar og føretak. For kvar type råolje skal opplysningane omfatte:

- nemninga på råolja, medrekna gjennomsnittleg API-tettleik,
- mengda rekna i fat,
- den gjennomsnittlege prisen cif,
- talet på føretak som har gjeve opplysningar,
- svovelinnhaldet i prosent.

Artikkel 8

1. Kvar månad skal Kommissjonen analysere og sende over til medlemsstatane dei opplysningane som han har teke imot i medhald av artikkel 7.

2. Medlemsstatane og Kommissjonen skal jamleg samrå seg med kvarandre, anten etter oppmoding frå ein medlemsstat eller på initiativ frå Kommissjonen. Slikt samråd skal særleg gjelde dei opplysningane som Kommissjonen har sendt over i medhald av nr. 1.

Det kan haldast samråd med internasjonale organisasjonar og tredjestatar som har innført liknande opplysningsordningar.

Artikkel 9

1. Dei opplysningane som vert gjevne i medhald av artikkel 4, og dei opplysningane som er nemnde i artikkel 7, skal vere fortrulege. Dette skal likevel ikkje hindre at opplysningane kan gjevast vidare i ei form som gjer det umogleg å kjenne att oppgaver over einskilde føretak, dvs. at opplysningane må femne om minst tre føretak.

2. Dei opplysningane som vert sende Kommissjonen i medhald av artikkel 7, og dei oversende opplysningane som er nemnde i artikkel 8 nr. 1, kan nyttast berre for dei føremåla som er fastsette i artikkel 8 nr. 2.

3. Dersom Kommissjonen i dei opplysningane som medlemsstatane sender over til han i samsvar med artikkel 7, finn avvik eller mangel på samsvar som hindrar han i å få eit røynt inntrykk av utviklinga i dei tilhøva som importen eller leveransane fann stad under, kan han oppmode medlemsstatane om å få tilgjenge til høvelege einskildopplysningar frå føretaka og til dei utreknings- eller vurderingsmetodane som vart nytta ved samanstillinga av einskildopplysningane.

Artikkel 10

Etter samråd med medlemsstatane skal Kommissjonen vedta gjennomføringsreglar for denne forordninga.

Artikkel 11

Denne forordninga tek til å gjelde den dagen ho vert kunngjord i *Tidend for Dei europeiske fellesskapa*.

Denne forordninga er bindande i alle delar og gjeld direkte i alle medlemsstatane.

Utfërda i Brussel, 20. desember 1995.

For Rådet

J. M. EGUIAGARAY

Formann